



Sak nr 7/2013

Møtedato: 13.2.13

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: 132

Søknad om tilskot til kråkefelle, endring av vilkår

I samband med at fjellstyret vedtok å frede rypa, vart det sett ned ei gruppe som skulle sjå på reduksjon av smårovvilt for å betre tilstanden for småviltet. Gruppa er samansett av representantar frå fjellstyret og jeger- og fiskarlaget.

Gruppa v/ Finn Hesselberg søker i brev datert 7.11.12 om støtte til innkjøp av 4 kråkefeller. Kostnadane med tiltaket er ikkje klare, men det er antydning på ein sum på vel 20.000 kr. Fellene vil bli sett opp i ulike deler av kommunen. Gruppa ser for seg at innkjøpet blir finansiert av kommunen, fjellstyret, grunneigarlag og jeger- og fiskarlaget. Jeger- og fiskarlaget har vedteke at dei vil støtte tiltaket.

Fjellstyret gjorde i sak 41/12 følgjande vedtak:

Fjellstyret ser positivt på tiltaket og vedtek å støtte kjøp av 4 kråkefeller med inntil kr 10.000 på vilkår av at kommunen gir eit tilsvarende tilskot.

Vestre Slidre jeger- og fiskarlag søker i brev datert 6.2.13 om endring av vilkåra for tildeling av tilskot:

Viser til referat fra tre møter om smårovviltforvaltning og til foredragskveld. Viser og til vår opprinnelige søknad og fjellstyre sitt vedtak.

VSJFL har i møte 05.02.13 behandlet spørsmålet om kråkefeller på nytt og har stadig et ønske om å gjøre en innsats for å få kråkebestanden redusert. I den økonomiske situasjonen kommunen er, ser vi det som urealistisk med kommunalt bidrag. Av den grunn ønsker styret i VSJFL å bidra økonomisk til prosjektet og håper at fjellstyret kan bidra sammen med laget.

Vi søker derfor om økonomisk støtte til kråkefeller under forutsetning av at laget går inn med samme bidrag. Slik ber vi om at fjellstyret kan endre sitt vedtak i sak 42/2012 av 07.11.12 slik at vilkåret blir at VSJFL gir et tilsvarende tilskudd.

Vedtak

Fjellstyret godkjenner foreslepte endring av vilkår for tildeling av tilskot.

Einstemmig vedteke.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 19.2.13

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre jeger- og fiskarlag